



Dit, men ikkje lenger rekk asfalten (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det meste av fylkesvegen på Døslandssido er no nyasfalt, men det står att ein bit i begge endene og oppsittarane undrast på når asfalteringa vert fullført.

Ein av oppsittarane slår fast at vegen har vorte svært bra der den har fått ny asfalt, men han spør når asfaltgjengen kjem for å fullføra jobben dei byrja på.

Han har teke det som ein selvfølge at dei skulle leggja heilt ned til hovudvegen då dei først var i gang med leggjinga.

Hvis det likevel ikkje skal leggjast meir nedover til hovudvegburde det i alle fall vore avslutta mot gammal veg på ein fagmessig måte, held oppsittaren fram.

Statens Vegvesen opplyser til uskedalen.no at det ikkje vil bli lagt meir asfalt mellom Kapteinsgården og Haugland.

Grunnen til det har vedkommande ikkje noko svar på.

- Vi får eit asfalteringsprogram og det må vi retta oss etter, seier han.

Av Ola Matti Mathisen